

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
013/16	Formannskapet	PS	27.01.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Roald Hovden	14/2372

## Klagesak om å utføra synfaring på gnr 136 bnr 81, Eidefeltet, 5281 Valestrandsfossen

### Vedlegg:

136/81 - Saksframlegg - Klage over beslutning om å gjennomføre befaring på eiendom 1+SV+\_73320.pdf

**Osterøy kommune tek ikkje klagen til fylgje. BIR kan med heimel i forureiningslova § 50 undersøkje eigedomen.**

### Formannskapet - 013/16

#### FS - behandling:

#### AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### FS - vedtak:

**"Osterøy kommune tek ikkje klagen til fylgje. BIR kan med heimel i forureiningslova § 50 undersøkje eigedomen."**

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Osterøy kommune har i lag med fleire kommuner avtale med BIR AS om eit samarbeid på administrative oppgåver tilknytta tilsyn, kartlegging og opprydding av forsøpling i kommunen.

BIR AS utføre derfor synfaring på aktuelle eigedomer som dette vedkjem.

Eigar av gnr 136, bnr 81 har klaga på slik synfaring.

Viser forøvrig til vedlagt saksframlegg utarbeida av BIR AS datert 19.10.2015 inkludert skriv frå klagar.

